



Fylkesmannen i Hordaland
Kommunal- og samfunnsplanavdelinga
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/885 - 16/7316

Saksbehandlar:

Lillian Straumøy Brakstad

lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:

13.04.2016

Høyring - søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for frådeling av festetomt med tilleggsareal på Flatøy, gbnr 1/12.

Saka gjeld:

Det vert vist til søknad frå Hilda Austegard og Erlend Veland Thorsen om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel – LNF-område, jf plan-og bygningslova §§ 1-8 og 19-2, for frådeling av festetomt med tilleggsareal på Flatøy, gbnr 1/12.

Planstatus:

Festetomten, gbnr 1/12-2, er i reguleringsplan for Flatøy sør/aust – planid 125619971015 – regulert til bustadområde. Omsøkt frådeling ligg delvis innanfor overnemnde reguleringsplan og delvis i LNF-område i kommuneplanen sin arealdel.

Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå tiltakshaver søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, sjå vedlegg. For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

Nabovarsling:

Naboane er varsla og det er ikkje kome merknader.

Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I LNF sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19-2:

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.

I § 1-1 i plan-og bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar skal søknaden om dispensasjon sendast regionale styresmakter – Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal- og samfunnsplanavd. og Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad frådeling av parsell frå festetomt til eigartomt GBNR 1/12
kart
1-12 1_1000
1-12-2 1_1000

Kopi til:

Erlend Veland Thorsen	Flatøyvegen 156	5918	FREKHAUG
Hilda Pauline Austegard	Flatøyvegen 156	5918	FREKHAUG

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland	Kommunal- og samfunnsplanavde linga	5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune	Regionalavdelinga	5020	BERGEN